



UNGT ENTREPRENØRSKAP HORDALAND SITT KURSTILBUD TIL GRUNNSKULANE I NORDHORDLAND 2016 - 2017

Skulane får invitasjon med påmeldingslink i god tid før kvart kurs. Frå 1. september finn de og påmeldingslink i kalenderen til UE Hordaland.

FOR BARNESKULANE:

VÅRT LOKALSAMFUNN (4. trinn):

Lærarkurs **torsdag 20. oktober kl. 13.00 – 15.15** på Nordhordland Folkehøgskule

Rettleiarkurs **tysdag 8. november kl. 13.00 – 15.15** på Nordhordland Folkehøgskule

Veke 46 og veke 47 er gjennomføringsperiode for VÅRT LOKALSAMFUNN (opplegget er på ein dag).

SMARTare Energi (6. trinn):

Lærarkurs i Nordhordland **torsdag 24. november kl. 12.15 – 15.30**

Veke 6 og 7 er gjennomføringsperiode for SMARTcampar (campane går over to dagar) og Veke 10 blir det kommunekåring

Fylkesfinalen i SMARTare energi (for vinnarlaget i kommunen) vert **onsdag 5. april 2017** på VilVite.

FOR UNGDOMSSKULANE:

ØKONOMI OG KARRIEREVAL (9. trinn):

Lærarkurs i Nordhordland **torsdag 29. september kl. 13.00 - 15.15.**

JOBBSKYGGING (8. – 10. trinn):

Oppgaver som kan brukast før og etter at elevane har hatt arbeidsdag/ arbeidsveke kan lastast ned frå www.ue.no (finn jobbskygging og rett klassetrinn) eller kjøpast som elevhefter hos Ungt Entreprenørskap Hordaland. NB! Om ein lastar ned hefta er det viktig å senda anita.bjordal@ue.no ein mail om skule, klassetrinn og antal elevar som nyttar oppgåvene.

ELEVBEDRIFT (8. – 10. trinn):

Ta kontakt dersom de ynskjer hjelp med elevbedriftsopplegget dykkar! På nettsida www.elevbedrift.no finn du mykje om korleis ein driv elevbedrift. Send oss ein mail dersom de ynskjer å stilla ut elevbedriftane sine produkt og tjenester på Nordhordlandsmessa i Nordhordlandshallen onsdag 30. november. Det vert EB-kurs for lærarar i **juni 2017.**



ENTREPRENØRSKAP I UTDANNINGA

Ungt Entreprenørskap (UE) er ein ideell landsomfattande organisasjon som i samspel med skuleverket, lokale myndigheitar og næringsliv jobbar for å utvikla barn og unge sin kreativitet, skaparglede og tru på seg sjølv. I Ungt Entreprenørskap Hordaland har me no 18 medlemskommunar. UE tilbyr rundt tjue undervisningsopplegg frå grunnskule til høgare utdanning. Målet vårt er å bidra til å utvikla elevar og studentar sin innovasjon og entreprenørskapskompetanse. På grunn av stadig raskare endringar i samfunn og arbeidsliv i tida vi lever i, er denne kompetansen sentral for elevane.

Frå den generelle læreplanen:

«Opplæringa må gi adgang til det arbeids og samfunnslivet vi har i dag, og gjera elevane i stand til å meistra skiftande omgjevnader og ei ukjent framtid»

UNDERVISNINGSSOPPLEGGA VÅRE:

- er tverrfaglege og dekkjer mål i læreplanen
- har vekt på kreativitet/ ideutvikling og at elevene blir kjende med omverda
- har fokus på «å læra ved å gjera»
- stimulerer til potensiell verdiskaping
- har med bidragsytarar frå lokalt arbeids/ næringsliv i gjennomføringa

Sjå nettsidene våre www.ue.no for meir informasjon eller ta kontakt med oss dersom de har spørsmål. Rådgjevar for grunnskulen er anita.bjordal@ue.no
Tlf. 970 94 959

Med vennleg helsing
Anita Bjordal
Rådgjevar Grunnskulen

Ungt Entreprenørskap Hordaland / JA-YE Norway
Veiten 3 (6.etg)
Postboks 694 Sentrum, 5807 Bergen
